

MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtedato: 13.02.2006 **Tid:** 15.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 5 medlemmer møtte 5 , inkl. 0 varamenn:

Andre som var tilstade på møtet:

Adm.sjef Ramsli og ass.adm.sjef Våge

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 15. februar 2006

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart godkjent

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent

UTVALET SITT KVARTER:

Jon Magne Bogevik stilte spørsmål om framdrifta for etablering av NAV. Ordførar og adm.sjef orienterte om progresjonen i arbeidet. Dei statlege etatane er i ferd med å få på plass ein felles organisasjon. For sosialkontora skal ordninga vera på plass innan 2009. Etter initiativ frå ordførar har det vore møte mellom dei tre instansane på lokalt nivå.

Helge Reistad viste til møte i Samnanger Næringsforum der det vart opplyst at det ligg trekkerøyr for breiband frå transformatorstasjon i Trengereidfjorden til Rolvsvåg. Han stilte seg tvilande til påstanden, men ba om at kommunen avklara dette. Ordførar orienterte om at kommunen har fått prisinformasjon frå BKK om vidare utbygging av breiband, samt at IKT-ansvarleg i kommunen Abelone Byrkjedal etter initiativ frå Kvamnett har hatt møte med dei og at kommunen har innbydd Telenor til møte tirsdag 14.02.2006.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

1. Utbyggingsavtale for reguleringsplanar på Lønnebakken.

Det var sendt ut eit notat frå administrasjonssjefen om endring av utbyggingsavtalen for bustadfeltet på Lønnebakken. Endringa inneber at GBS vert betalt ut i 2008. Det inneber at det må til ei avklaring i høve til Vestlandshus. Bakgrunnen for denne endringa var eit ønskje om å forsera utviklinga av siste byggjesteg i feltet. Desse tomtene vert no lagt ut for sal, delar av dei er forhandstinga, og med framføring av vegen vert det no bygd einebustader på fleire av desse tomtene.

2. Småkraftprosjektet

Det vart orientert om dette tiltaket, framlegg til forprosjekt vert lagt fram til politisk handsaming/orientering i næraste framtid.

3. Evaluering av ambulansetenesta.

Kommunen har motteke skriv frå Helse Bergen med ei evaluering av tenesta.

Administrasjonen vurderar vidare reaksjonar. Kommunestyret vert orientert om saka i neste møte.

4. AMU

Elin Liøen kan ikkje møte i neste møte, og vara repr. Odd lønnebakken vert kalla inn.

5. Nordbygda skule

Ass.adm.sjef orienterte om at rektor ved Nordbygda vil gå av med AFP frå neste skuleår.

Det kan derfor vera aktuelt å vurdere aktuelle modellar for skuledrift. Utvalet ønskjer å få utgreidd ei sak til førstkomande kommunestyremøte. Før den tid må aktuelle personar og instansar vera kontakta.

6. Mellombels barnehage på Haga

Ass.adm.sjef orienterte om at barnehagen på Haga vert opna i vår under føresetnad om at alle søkjarane tek imot tilbodet.

7. Tomt i industriområdet i Rolvsvåg

Det er kome førespurnad frå to interessentar om kjøp av tomt i industriområdet på Rolvsvåg. Utvalet har i 2005 bestemt at prisen for tilrettelagt tomt skal vera kr. 100.000 pr. mål. Forhandlingsutvalet tek initiativ til eit møte med desse to. Det tilrettelagte arealet i det aktuelle området er for lite dersom begge skal få tilbod, men det er truleg mogleg å gå inn på eit område som ikkje er tilrettelagt. Prisen her får utvalet fullmakt til å fastsetja.

8. PP-Tenesta

Adm.sjef orienterte om vedtak i oppvekst omsorg vedr. oppseiing av PPT-avtale.

Administrasjonssjefen vurderar at det må liggja ei mistyding til grunn for vedtaket. Pga. framdrifta i saka, ikkje minst for Vaksdal kommune er det viktig at avtalen vert sagt opp snarast mogleg.

Ordførar tek kontakt med leiar i oppvekst og omsorg og får ei avklaring i saka.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr.	Tittel
0003/06	05/00367	BOMPENGESØKNAD "KVAMMAPAKKEN" OG KVAMSKOGSTUNNELEN
0004/06	05/00122	BUDSJETT 2006 - PRESISERINGAR AV VEDTAK
0005/06	05/00453	KOMMUNALE MIDLAR TIL MEDFINANSIERING AV PROSJEKT SMÅKRAFT I HORDALAND.
0006/06	05/00428	NYTT NORSK BANENETT, M.A. MELLOM HORDALAND OG STORE DELAR AV SØR-NOREG ELLES.
0007/06	06/00058	Unnateke off. innsyn §5A TILLEGGS LØYVINGAR 2006 - TILTAK FOR UNGDOM
0008/06	06/00047	TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - TØMRAR J. ROSSELAND.

0003/06

BOMPENGESØKNAD "KVAMMAPAKKEN" OG KVAMSKOGSTUNNELEN

Handsaming i møte:

Utvalet drøfta "Kvammapakken" og Kvamskogtunnelen med utgangspunkt i ei skisse til tilråding som ordføraren hadde utarbeidd. Utvalet slutta seg til denne skissa med ein del korrigeringar.

Vedtak:

"Kvammapakken"

Etter førespurnad frå styret i Kvam bompengeselskap a.s. har Samnanger kommune handsama "Kvammapakken" på nytt slik den no ligg føre.

Samnanger kommune rår framleis frå realisering av bompengeordninga i "Kvammapakken".

Kvamskogtunnelen

Samnanger kommune har og drøfta invitasjonen om deltaking i arbeidet med å greia ut Kvamskogtunnelen. Det er vurdert om ein "i denne omgang skal gje prinsipiell tilslutning til å ta del i planarbeidet, samt at Samnanger kommune oppnemner representant(ar) til prosjektorganisasjonen som skal greia ut Kvamskogtunnelen". (Jf. skriv av 11.01-06).

Samnanger kommune har forståing for ynskje frå Kvam herad og Hardanger-regionen i høve til ein Kvamskogtunnel, og at ein no vil kopla realiseringa av tunnelen til krav om kabel i sjø/jord i staden for at det vert bygd ei 420 kv-luftline Sima – Samnanger.

Samnanger kommune sine vurderingar i høve til Kvamskogtunnelen er likevel at samfunnsnyttan av eit så stort prosjekt berre vert mogleg å vurdere i eit overordna og regionalt perspektiv. Det er svært mange diskusjonar og utgreiingar på gang for vegløyseringar i område sør og vest for Samnanger kommune. Samfunnsøkonomisk er det utenkjeleg at alle trasèane kan byggjast. Det bør soleis koma ei avklaring på regionalt nivå – fylkeskommunen – av kva prosjekt det skal satsast på.

Det knyter seg og stor uvisse til kva som vert endeleg tilråding og vedtak når det gjeld kraftoverføring Sima – Samnanger.

Før desse avklaringane er på plass, finn Samnanger kommune det vanskeleg å arbeida aktivt for Kvamskogtunnelen.

Avlasting av Eikedalen må sjåast opp mot etablering av tunnelpåslag i eit trongt dalføre med verna vassdrag.

Samnanger kommune har sjølv eit viktig vegprosjekt som no må på plass snarast råd – tunnel bak Ytre Tysse på Rv 48. Kommunen har arbeidd i mange år med dette prosjektet. Godkjend reguleringsplan kom endeleg på plass i 2001, og tiltaket er no kome inn i siste rulleringa i NTP. Me vil stå hardt på for at ikkje andre prosjekt skal pressa seg inn framføre dette prosjektet. Auka standard på tilførsleveggar lenger sør og vest viser att i auka trafikk og trafikk-kaos på Rv 48 gjennom Ytre Tysse, særleg i helgane.

Samnanger kommune er i gang med rullering av skriftdelen av kommuneplanen. I dette arbeidet er infrastruktur og samferdsle viktig. Med dei interne debattane og prosessane me er inne i, vert det utfordrande å dra konklusjonar om ein Kvamskogtunnel så fort som det vert bede om.

Med bakgrunn i ovannemnde moment ynskjer ikkje Samnanger kommune å gå inn som part og arbeida aktivt for ein Kvamskogtunnel. Samnanger kommune ynskjer å fylgja med i prosjektet og vert representert med ein person frå administrasjonen i arbeidsgruppa.

0004/06

BUDSJETT 2006 - PRESISERINGAR AV VEDTAK

Handsaming i møte:

Utvalet drøfta administrasjonssjefen sine merknader til forståinga av budsjettvedtaket for 2006. Det vart konkludert med at kommunestyret si meining var at med unnatak av ekstra løyvinga til funksjonshemma på Haga er løyvingane å sjå på som ei utviding av einingane sine rammer.

Når det gjeld auken i øyremerkja midlar til psykiatrien, skal desse nyttast i samband med tiltak på Skottebakken.

Vedtak:

Personal- og økonomiutvalet presiserar at løyvinga til funksjonshemma på Haga gjeld for 2006. Dei andre tiltaka skal innarbeidast i rammene til dei einskilde einingane og gjelda ut over 2006.

Ekstra midlar til psykiatrien skal nyttast til delfinansiering av tiltak på Skottebakken.

0005/06

KOMMUNALE MIDLAR TIL MEDFINANSIERING AV PROSJEKT SMÅKRAFT I HORDALAND.

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune løyver Fylkesmannen i Hordaland sin Landbruksavdeling kr. 12 000,- pr. år i 3 år, til saman kr. 36 000,- til prosjektet Småkraftverk i Hordaland.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune løyver Fylkesmannen i Hordaland sin Landbruksavdeling kr. 12 000,- pr. år i 3 år, til saman kr. 36 000,- til prosjektet Småkraftverk i Hordaland ved bruk av næringsfondet.

0006/06

NYTT NORSK BANENETT, M.A. MELLOM HORDALAND OG STORE DELAR AV SØR-NOREG ELLES.

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune finn ikkje å kunna prioritera midlar til tilskot til Norsk Bane a.s.. Det er heller ikkje aktuelt å gå inn med aksjekapital i selskapet.

Handsaming i møte:

Samrøystes.

Vedtak:

Samnanger kommune finn ikkje å kunna prioritera midlar til tilskot til Norsk Bane a.s.. Det er heller ikkje aktuelt å gå inn med aksjekapital i selskapet.

0007/06 Unnateke off. innsyn §5A

TILLEGGS LØYVINGAR 2006 - TILTAK FOR UNGDOM

0008/06

TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - TØMRAR J. ROSSELAND.

Framlegg til vedtak::

Firmaet Tømrar Johnny. Rosseland får eit tilskot på inntil kr 5.000 til delfinansiering av utstyr knytt til oppstart av firma. Tilskotet kan ikkje overstiga 50% av dokumenterte utgifter.

Tilskotet skal førast i kommunerekneskapen på konto nr. 1.1400.3251.4700 og finansierast ved bruk av næringsfondet

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Firmaet Tømrar Johnny. Rosseland får eit tilskot på inntil kr 5.000 til delfinansiering av utstyr knytt til oppstart av firma. Tilskotet kan ikkje overstiga 50% av dokumenterte utgifter.

Tilskotet skal førast i kommunerekneskapen på konto nr. 1.1400.3251.4700 og finansierast ved bruk av næringsfondet